



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Fyresdal Næringshage
Dato: 14.12.2017
Tid: 13:00 – 15:00

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Björg Taraldlien Hopland	Ellen Elisabeth Gasmann	SP

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Arild Metveit	Kommunalsjef plan og miljø
Kjersti Bergland	Kommunalsjef økonomi og fellestenester

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
51/17 – 58/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
Ordfører

Fellestenesta
utvalgssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

- | | |
|----------|---|
| PS 51/17 | Referatsaker |
| PS 52/17 | Høyringsuttale til endring av Vannforskriften |
| PS 53/17 | Ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark. |
| PS 54/17 | Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr. |
| PS 55/17 | Opptak av lån til investeringar 2017 |
| PS 56/17 | Plan for trafikktryggleik, Fyresdal 2018-2021 |
| PS 57/17 | Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogram 2018-2021 |
| PS 58/17 | Økonomiplan 2018 - 2021 og årsbudsjett 2018 |

Fyresdal 8. desember 2017

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Samrøystes for å handsame sak 57 etter sak 58.

PS 51/17 Referatsaker

RS 48/17 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 49/17 Orienteringar

RS 50/17 Kontrollutvalet sin møte og arbeidsplan 2018

PS 52/17 Høyringsuttale til endring av Vannforskriften

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune støttar ikkje endringane som er foreslått i vannforskriften om at vannforvaltningsplanene ikkje lengre skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lengre skal ha ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Kommunen meiner at regional plan etter plan- og bygningsloven er et godt verktøy for å fremme sektorovergripande heilhetlig vannforvaltning og for å nå målene om godt vannmiljø.
2. Dagens organisering av vannforvaltninga bør oppretthaldast for å sikre ein god politisk forankring i kommunane, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
3. Det regionale forvaltningsnivået som fylkeskommunen er bør framleis ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vannforvaltningsplanane med tiltaksprogram av di fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regional samordnar og samfunnsutviklar, noko staten ikkje vil kunne være.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

1. Fyresdal kommune støttar ikkje endringane som er foreslått i vannforskriften om at vannforvaltningsplanene ikkje lengre skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lengre skal ha ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Kommunen meiner at regional plan etter plan- og bygningsloven er et godt verktøy for å fremme sektorovergripande heilhetlig vannforvaltning og for å nå målene om godt vannmiljø.
2. Dagens organisering av vannforvaltninga bør oppretthaldast for å sikre ein god politisk forankring i kommunane, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
3. Det regionale forvaltningsnivået som fylkeskommunen er bør framleis ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vannforvaltningsplanane med tiltaksprogram av di fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regional samordnar og samfunnsutviklar, noko staten ikkje vil kunne være.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for plan og miljø.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

1. Fyresdal kommune støttar ikkje endringane som er foreslått i vannforskriften om at vannforvaltningsplanene ikkje lengre skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lengre skal ha ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Kommunen meiner at regional plan etter plan- og bygningsloven er et godt verktøy for å fremme sektorovergripande heilhetlig vannforvaltning og for å nå målene om godt vannmiljø.
2. Dagens organisering av vannforvaltninga bør oppretthaldast for å sikre ein god politisk forankring i kommunane, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
3. Det regionale forvaltningsnivået som fylkeskommunen er bør framleis ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vannforvaltningsplanane med tiltaksprogram av di

fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regional samordnar og samfunnsutviklar, noko staten ikkje vil kunne være.

PS 53/17 Ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune godkjenner ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr likelydande for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Fyresdal kommune godkjenner ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr likelydande for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for plan og miljø.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Fyresdal kommune godkjenner ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr likelydande for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark.

PS 54/17 Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr.

Innstilling frå rådmannen:

Vedlagte forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Fyresdal kommune godkjennast.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Vedlagte forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Fyresdal kommune godkjennast.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for plan og miljø.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Vedlagte forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Fyresdal kommune godkjennast.

PS 55/17 Opptak av lån til investeringar 2017

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune aksepterer tilbodet frå KLP på innlån med fylgjande betingelsar: Serielån på kr 7.900.000,- med 40 års nedbetalingstid, halvårleg, og fast rente med bindingstid på 3 år.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Fyresdal kommune aksepterer tilbodet frå KLP på innlån med fylgjande betingelsar: Serielån på kr 7.900.000,- med 40 års nedbetalingstid, halvårleg, og fast rente med bindingstid på 3 år.

PS 56/17 Plan for trafikktryggleik, Fyresdal 2018-2021

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune vedtek plan for trafikktryggleik, med prioritet slik trafikktryggleiksutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 23.11.2017

Tilleggsframlegg frå Elisabeth Gasmann:

Nytt punkt mellom punkt 3 og punkt 4: Parkeringsplass nedom helsehuset blir skilta som parkeringsplass og det blir utarbeid ei betre løysing for gåande frå denne parkeringsplassen til barnehage/skule og helsehus.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget frå Elisabeth Gasmann.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 23.11.2017

Fyresdal kommune vedtek plan for trafikktryggleik, med prioritet slik trafikktryggleiksutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Nytt punkt mellom punkt 3 og punkt 4: Parkeringsplass nedom helsehuset blir skilta som parkeringsplass og det blir utarbeid ei betre løysing for gåande frå denne parkeringsplassen til barnehage/skule og helsehus.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2017

John Kjell Lien orientera om arbeidet med trafikkikkerhetsplanen og søknaden om Fyresdal som ein trafikkikker kommune.

Framlegg til endringar i handlingsplanen:

- Punkt 5: punktet må endrast. Å grave i gravhaugar er ikkje aktuelt så her må ein få inn at fylkesvegen må flyttast.
- Punkt 6: skulebussen må sleppe av ungane etter skuletid på same plass som dei går på om morgonen.
- Rådet er enig i vedtaket til OKO-utvalet og ynskjer eit nytt punkt mellom punkt 3 og 4.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med endringar i handlingsplanen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2017

Fyresdal kommune vedtek plan for trafikktryggleik, med prioritet slik trafikktryggleiksutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka med fylgjande endringar i handlingsplanen:

- Punkt 5: punktet må endrast. Å grave i gravhaugar er ikkje aktuelt så her må ein få inn at fylkesvegen må flyttast.
- Punkt 6: skulebussen må sleppe av ungane etter skuletid på same plass som dei går på om morgonen.
- Rådet er enig i vedtaket til OKO-utvalet og ynskjer eit nytt punkt mellom punkt 3 og 4.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Fyresdal kommune vedtek plan for trafikktryggleik, med prioritet slik trafikktryggleiksutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Framlegg frå Senterpartiet v/ Per Helge Seltveit:

Tillegg til punkt 1 som nest seiste setning: Trygg på- og avstiging av skulebuss skal kvart halvår bli undervist;- om mogleg i bussen.

Tillegg til punkt 7:

Statens Vegvesen skal vurdere om busshaldeplassen midt i Fjellgarsvegkrysset på Veum kan flyttast. Busshaldeplassen er òg leveringspunkt for søppel.

Ved påstiging av skulebussen om morgonen er det eit svært komplisert trafikkbilete med "rush-trafikk" frå fire kantar, tilkøying av born, born som kryssar ulike vegar, foreldre-bilar som snur på ulikt vis og ein skulebuss som står parkert og stenger for god sikt. I tillegg står det ofte bilar parkert på plassen, og stundom skal nokon kaste søppel i container.

Ansvar: Statens Vegvesen.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for kultur, oppvekst og omsorg med framlegget frå Senterpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Fyresdal kommune vedtek plan for trafikktryggleik, med prioritet slik trafikktryggleiksutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka, med desse endringane.

Nytt punkt mellom punkt 3 og punkt 4: Parkeringsplass nedom helsehuset blir skilta som parkeringsplass og det blir utarbeid ei betre løysing for gåande frå denne parkeringsplassen til barnehage/skule og helsehus.

Tillegg til punkt 1 som nest seiste setning: Trygg på- og avstiging av skulebuss skal kvart halvår bli undervist;- om mogleg i bussen.

Tillegg til punkt 7:

Statens Vegvesen skal vurdere om busshaldeplassen midt i Fjellgarsvegkrysset på Veum kan flyttast. Busshaldeplassen er òg leveringspunkt for søppel.

Ved påstiging av skulebussen om morgonen er det eit svært komplisert trafikkbilete med "rush-trafikk" frå fire kantar, tilkøyring av born, born som kryssar ulike vegar, foreldrebilal som snur på ulikt vis og ein skulebuss som står parkert og stenger for god sikt. I tillegg står det ofte bilal parkert på plassen, og stundom skal nokon kaste søppel i container.

Ansvar: Statens Vegvesen.

PS 57/17 Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogramm 2018-2021

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 12.10.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå idrettsrådet

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 12.10.2017

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.10.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå idrettsrådet. Det må rettast opp i tabellen under anleggstype:

Fleirbrukshus/samfunnshus, her skal samfunnshus ikkje vera med

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.10.2017

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Handsaming i Formannskap - 18.10.2017

Tekst på prioritering 1 skal vere Fleirbrukshall og totalkostnaden må prisjusterast. Planen sendast tilbake til administrasjonen for justering. Det forutsetast at ein i samband med budsjetthandsaminga i haust finn rom for finansiering av investeringa og drift før endeleg vedtak i kommunestyret.

Samrøystes.

Vedtak i Formannskap - 18.10.2017

Tekst på prioritering 1 skal vere Fleirbrukshall og totalkostnaden må prisjusterast. Planen sendast tilbake til administrasjonen for justering. Det forutsetast at ein i samband med budsjetthandsaminga i haust finn rom for finansiering av investeringa og drift før endeleg vedtak i kommunestyret.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Framlegg frå ordføraren:

Endring av prioritet 1: Fleirbrukshall – slik at denne samsvarer med vedteken økonomiplan. Dei andre prioriteringane som vedtaket i idrettsrådet.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Endring av prioritet 1: Fleirbrukshall – slik at denne samsvarer med vedteken økonomiplan. Dei andre prioriteringane som vedtaket i idrettsrådet.

PS 58/17 Økonomiplan 2018 - 2021 og årsbudsjett 2018

Innstilling frå formannskapet:

Økonomiplan 2018 – 2021 og årsbudsjett 2018 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammane for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestesta	16.988.000	3.197.000	13.791.000
Helse og omsorg	59.622.000	17.232.000	42.390.000
Kultur og oppvekst	41.870.000	5.881.000	35.989.000
Plan og teknikk	29.065.000	14.870.000	14.195.000
Finans	20.022.000	126.387.000	-106.365.000

Det vert nedsett arbeidsgruppe for å sjå på den administrative organiseringa. Oppretting av ny avdelingsleiar innan helse og omsorg blir teke stilling til i forbindelse med gjennomgang av organiseringa.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 22.11.2017

Rådmannen orienterte om dei punkta i budsjettsaka som omhandlar arbeidsmiljøet.

Innspel frå Utdanningsforbundet – arbeidsmiljø, gymsalen er ikkje ein god plass for elevar og tilsette.

Kommunalsjef Arild Metveit; - krav frå Arbeidstilsynet om ombygging av brannstasjonen er utsett til 2019 og 2020. Brannbil, "framskutt enhet" er strøken heilt frå budsjettet. Meiner at dette ikkje er forsvarleg, tek ikkje arbeidsmiljøet og avviket frå Arbeidstilsynet på alvor. Ynskjer difor desse postane inn att i budsjett for 2018, finansierast med låneopptak.

Fagforbundet v/Rita T. Metveit støttar kommunalsjefen i dette og les opp eit eige skriv frå verneomboda, Fagforbundet, Delta, Utdanningsforbundet. Dette skrivet blir sendt alle kommunestyremedlemar.

Diskusjon rundt overforbruk i pleie- og omsorg, vi må gjere noko for å komme ut av dette mønsteret.

Utdanningsforbundet ynskjer at tillitsvalde, administrasjon og politikere kunne ha jobba saman om å utforme måla i budsjettet.

Framlegg frå Fagforbundet v/Rita T. Metveit på vegne av verneombod, Fagforbundet, Delta og Utdanningsforbundet:

*Kommunestyret i Fyresdal kommune
Arbeidsmiljøutvalet
Administrasjonsutvalet*

Fyresdal 22.11.2017

HELSEISIKO BRANNMENN I FYRESDAL – UTTALE FRÅ DELTA, FAGFORBUNDET, UTDANNINGSFORBUNDET OG VERNEOMBOD.

I samband med budsjetthandsaming for 2017 er Verneombod, Fagforbundet og Delta, blitt kjent med fylgjande:

Viktig og lovpålagde tiltak for å redusere kjemisk eksponering for brannmenn, er tatt vekk frå årets budsjett, og/eller skuvd fram i tid.

Dette gjeld

<i>Kjemisk helsefare – tiltak for å hindre /redusere kjemisk eksponering i branntasjonen,</i>	
<i>Budsjettert kostnad</i>	<i>kr 1.800.000,-</i>
<i>Framskutt enhet – utrykningsbil</i>	<i>kr 1.000.000,-</i>
<i>Sum tiltak</i>	<i>kr 2.800.000,-</i>

Verneombod, Fagforbundet og Delta vil på vegne av tilsett og medlemmer krevje dette tilbake på budsjettet for 2018, og at tiltaka iverksetjast snarast.

Bakgrunn:

I tilsyn av 21.06.2016 har Arbeidstilsynet pålagt kommunen å lage ein plan med tiltak for å hindre/redusere kjemisk eksponering. Her har det blitt gitt dispensasjonar og utsettingar, men seiste pålegg og brev er av 30.06.2017. Pålegga er heimla i Arbeidsmiljølova § 18-6. Brannstasjonen må byggjast om, med mellom anna ny ventilasjon, rein og urein sone, moglegheit for vask av klede og utstyr. Fram til i fjor sat dei på teknisk å spiste matpakka si kloss opp til bruka branntekstilar/røykdykkarutstyr. Vi har og ein problematikk med frakt av skittent utstyr etter utrykning, kor våre brannmenn har sett seg i eigne bilar med slikt utstyr før ein får skifta, t.d. i kalde periodar. Dette er heilt uakseptabelt, og fører til at ikkje bare brannfolka sjølv, men og deira familie blir eksponert

for kjemiske stoffer som er svært usunne. Med ein eigen uttrykkingsbil, framskutt einhet, vil denne risikoen falle bort.

I dag veit vi at brannmenn har økt hyppighet av ulike kreftformer, 50% auka risiko, og tiltaka frå arbeidstilsynet er eit ledd i å redusere slik risiko. Dette er ein landsomfattande aksjon. Tiltak for å redusere risiko for alvorlege sjukdomar er ikkje postar ein utsett eit år eller to på budsjettet. Dersom det ikkje er økonomi til å ta dette frå investeringsbudsjettet, må det lånast pengar.

Fyresdal brannvesen har 16 brannmenn som er løna i 1,4% stilling. Dei går alltid med brannvarslar, og er såleis alltid tilgjengelege. Det er ikkje noko vakt ordning slik nesten alle våra nabokommunar har. At dei, som jobbar for vår tryggleik i Fyresdal, skal unødvendig utsettast for ytterlegare helsefare enn naudsynt, er svært urovekkjande.

Med denne informasjon reknar vi med at kommunestyret finn pengar til tiltak for å redusere helseisiko for brannmenn, sum tiltak tidlegare framlagt av administrasjonen kr 2.800.000,-.

Mvh

Delta, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, verneombod

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 22.11.2017

Arbeidsmiljøutvalet tek rådmannens innstilling til vitande, med tillegg til samrøystes vedtak om å støtte framlegget frå Rita T. Metveit.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 23.11.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 23.11.2017

Økonomiplan 2018 – 2021 og årsbudsjett 2018 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som fylgjer:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
Fellestene	16.988.000	3.197.000	13.791.000
Helse og omsorg	59.622.000	17.232.000	42.390.000
Kultur og oppvekst	41.870.000	5.881.000	35.989.000
Plan og teknikk	29.065.000	14.870.000	14.195.000
Finans	20.022.000	126.387.000	-106.365.000

Det vert nedsett arbeidsgruppe for å sjå på den administrative organiseringa. Oppretting av ny avdelingsleiar innan helse og omsorg blir teke stilling til i forbindelse med gjennomgang av organiseringa.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 29.11.2017

Rådmannen orienterte kort om endringar som har kome til etter at innstillinga i saka var ferdig.

Olav Gisle Noraberg kom med fyljande framlegg:

Som innstilling frå formannskapet med fyljande endring:
Investeringsdel

Brannstasjon/mannskapsbil prioriterast med kr. 1.750.000,- i 2018 og kr. 650.000,- i 2019, totalt kr. 2.400.000,-. Alt finansiert med lån.

Rita T. Metveit kom med fyljande framlegg:

Som innstilling frå formannskapet med fyljande endring:

I samband med budsjetthandsaming for 2017 er Verneombod, Fagforbundet og Delta, blitt kjent med fylgjande:

Viktig og lovpålagde tiltak for å redusere kjemisk eksponering for brannmenn, er tatt vekk frå årets budsjett, og/eller skuvad fram i tid.

Dette gjeld

<i>Kjemisk helsefare – tiltak for å hindre /redusere kjemisk eksponering i brannstasjonen,</i>	
<i>Budsjettert kostnad</i>	<i>kr 1.800.000,-</i>
<i>Framskutt enhet – utrykningsbil</i>	<i>kr 1.000.000,-</i>
<i>Sum tiltak</i>	<i>kr 2.800.000,-</i>

Verneombod, Fagforbundet og Delta vil på vegne av tilsett og medlemmer krevje dette tilbake på budsjettet for 2018, og at tiltaka iverksetjast snarast.

Bakgrunn:

I tilsyn av 21.06.2016 har Arbeidstilsynet pålagt kommunen å lage ein plan med tiltak for å hindre/redusere kjemisk eksponering. Her har det blitt gitt dispensasjonar og utsettingar, men seiste pålegg og brev er av 30.06.2017. Pålegga er heimla i Arbeidsmiljølova § 18-6.

Brannstasjonen må byggjast om, med mellom anna ny ventilasjon, rein og urein sone, moglegheit for vask av klede og utstyr. Fram til i fjor sat dei på teknisk å spiste matpakka si kloss opp til bruka branntekstilar/røykdykkarutstyr. Vi har og ein problematikk med frakt av skittent utstyr etter utrykning, kor våre brannmenn har sett seg i eigne bilar med slikt utstyr før ein får skifta, t.d. i kalde periodar. Dette er heilt uakseptabelt, og fører til at ikkje bare brannfolka sjølv, men og deira familie blir eksponert for kjemiske stoffer som er svært usunne. Med ein eigen utrykningsbil, framskutt einhet, vil denne risikoen falle bort.

I dag veit vi at brannmenn har økt hyppighet av ulike kreftformer, 50% auka risiko, og tiltaka frå arbeidstilsynet er eit ledd i å redusere slik risiko. Dette er ein landsomfattande aksjon.

Tiltak for å redusere risiko for alvorlege sjukdomar er ikkje postar ein utsett eit år eller to på budsjettet. Dersom det ikkje er økonomi til å ta dette frå investeringsbudsjettet, må det lånast pengar.

Fyresdal brannvesen har 16 brannmenn som er løna i 1,4% stilling. Dei går alltid med brannvarslar, og er såleis alltid tilgjengelege. Det er ikkje noko vakt ordning slik nesten alle våre nabokommunar har. At dei, som jobbar for vår tryggleik i Fyresdal, skal unødvendig utsettast for ytterlegare helsefare enn naudsynt, er svært urovekkjande.

Med denne informasjon reknar vi med at kommunestyret finn pengar til tiltak for å redusere helseisiko for brannmenn, sum tiltak tidlegare framlagt av administrasjonen kr 2.800.000,-.

Innstillinga frå formannskapet fekk ingen stemmer. Framlegget frå Olav Gisle Noraberg vart sett opp mot framlegget frå Rita T. Metveit. Framlegget frå Olav Gisle Noraberg vart vedteke med 3 mot 2 stemmer.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 29.11.2017

Som innstilling frå formannskapet med fyljande endring:

Investeringsdel

Brannstasjon/mannskapsbil prioriterast med kr. 1.750.000,- i 2018 og kr. 650.000,- i 2019, totalt kr. 2.400.000,-. Alt finansiert med lån.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Som innstillinga frå formannskapet med nytt framlegg til vedtak frå arbeidarpartet v/ Nils Vidar Pettersen.

Investeringsdel

Brannstasjon/mannskapsbil prioriterast med kr. 1.750.000,- i 2018 og kr. 650.000,- i 2019, totalt kr. 2.400.000,-. Alt finansiert med lån.

Årsbudsjett

Driftsbudsjett aukast med minimum 50 % av auk i inntekter for vatn og kloakk for å dekke avgiftsauk på kommunale bygg.

Eventuell prisjustering kontor næringshagen må justerast for.

Avtale med utleige av landbruksfagleg kompetanse aukar inntektene med inntil 200.000.

Ved avstemming blei nytt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Som innstillinga frå formannskapet med tillegg

Investeringsdel

Brannstasjon/mannskapsbil prioriterast med kr. 1.750.000,- i 2018 og kr. 650.000,- i 2019, totalt kr. 2.400.000,-. Alt finansiert med lån.

Årsbudsjett

Driftsbudsjett aukast med minimum 50 % av auk i inntekter for vatn og kloakk for å dekke avgiftsauk på kommunale bygg.

Eventuell prisjustering kontor næringshagen må justerast for.

Avtale med utleige av landbruksfagleg kompetanse aukar inntektene med inntil 200.000.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2017

Orientering om budsjettframlegget v/ Kjersti Bergland, Inga-Britt Kjellevoid Haugen og Anne Veum.

Rådet tek budsjettet til orientering men ynskjer fylgjande endringar:

Sansehagen /uteområdet ved POS bør prioriterast omarbeid i tråd med ynskje frå pleie og omsorg, kostnadsrekna til omlag kr 70.000,-.

Det settast igang arbeid med reguleringsplan for å kunne byggje sentrumsnære leiligheter for eldre.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2017

Rådet tek budsjettet til orientering men ynskjer fylgjande endringar:

Sansehagen /uteområdet ved POS bør prioriterast omarbeid i tråd med ynskje frå pleie og omsorg, kostnadsrekna til omlag kr 70.000,-.

Det settast igang arbeid med reguleringsplan for å kunne byggje sentrumsnære leiligheter for eldre.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Framlegg frå Senterpartiet v/ Thor Inge Levang:

I investeringsdelen av budsjettet for 2018 blir det sett av kr 9.000.000,- og for 2019 kr 40.000.000,- til fleirbrukshall. Byggestart hausten 2018.

7 røyster

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/ Olav Gisle Noraberg:

Investeringsbudsjett:

Brannstasjon/mannskapsbil prioriterast med kr 1.750.000,- i 2018 og kr 650.000,- i 2019, totalt kr 2.400.000,-. Alt finansierast med lån.

Samrøystes

Alle ledige stillingsheimlar skal vurderast av formannskapet om behov for, eventuelt om heimelen skal trekkast inn. Formannskapet får fullmakt til å trekke inn ledige heimlar.

Samrøystes

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/ Nils Kristian Moe:

Gardar skal straks leggst ut for sal på den opne marknaden.

Samrøystes

Rådmannen utarbeider ei sak til formannskapet om moglegheit for fleire industritomter på Molandsmoen. Der ein må sjå på aktuelle tomter og kostnader.

Samrøystes

Framlegg frå Senterpartiet v/ Kjell Sverre Thoresen:

Opplæringsmidlar til disposisjon på ansvar 1124 vert redusera med kr 200.000,-

5 røyster

Framlegg frå Nils Kristian Moe:

Byggestart for fleirbrukshall blir fyrste halvår 2019. Vi brukar 2018 til å finne finansiering.

Dersom finansiering ikkje då er på plass må ein sjå på eigedomsskatt som verkemiddel for å realisere bygging av fleirbrukshall.

15 røyster

Framlegg frå Per Helge Seltveit:

Kulturkonsulenten skal framleis nytte tida tilsvarende som i 2017 som koordinator for Skeidet.

3 røyster

Framlegg frå Senterpartiet v/ Kjell Sverre Thoresen:

Kommunestyret ynskjer ikkje eit prosjekt for fortetting av Folkestadbyen og takkar nei til tilsagnet om midlar til dette.

Samrøystes

Framlegg frå v/ ordføraren:

For å dekke mindre eigedomsskatt og auka lønsutgifter i forhold til innstillinga på budsjett vert utbytte frå VTK as auka med kr 1,9 million. Kr 600.000,- vert dekt på innsparte lønsmidlar i ledige heimlar.

Samrøystes

Innstillinga frå formannskapet med dei endringane som kjem fram her vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

Økonomiplan 2018 – 2021 og årsbudsjett 2018 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som følger:

Sektor	Utgift	Inntekt	Netto
--------	--------	---------	-------

Fellestenesta	18.138.000	3.197.000	14.941.000
Helse og omsorg	59.622.000	17.232.000	42.390.000
Kultur og oppvekst	41.870.000	5.881.000	35.989.000
Plan og teknikk	29.065.000	14.870.000	14.195.000
Finans	20.022.000	127.537.000	-107.515.000

Det vert nedsett arbeidsgruppe for å sjå på den administrative organiseringa. Oppretting av ny avdelingsleiar innan helse og omsorg blir teke stilling til i forbindelse med gjennomgang av organiseringa.